



Lærdal kommune

Kommunestyret

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 05.02.2026

Møtetid: Kl. 9:00 - 13:00

Møtestad: Lærdal rådhus

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Anne Karin Brugrand	AP
Audun Mo	AP
Birgit Olaug Lervik	AP
Elin Bjørkum	AP
Hallvard Trohaug	AP
Janne Marie Reppen	AP
Jon Martin Valaker Nes	AP
Olav Grøttebø	AP
Robert Lysne Elgåen	AP
Frøydis Helland	H
Gunn Kirsti Offerdal	SP
Njål Kaardal Golf	SP
Stian Offerdal Vatlestad	SP
Viktor Yttri	SP
Laila Elvagjeng	SV
Sæmund Stokstad	SV

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Jan Geir Solheim	SP	Maritha Tønjum Skjerdal	SP

Møteleiar:	Ordførar Audun Mo
Frå adm. møte:	Kommunedirektør Gunn Lerøy og møtesekretær Jorunn Hatlevoll
Dokument utlevert i møtet:	

Merknader:

Kommunalsjef Trine Grøttebø, biblioteksjef Guro Nesse, arealplanleggar Sissel Øye og Niklas Aarnio var til stades ved handsaming av sak 004/26

Kommunalsjef Trine Grøttebø var til stades og informerte ved handsaming av sak 005/26
Stian Offerdal Vatlestad (SP) fekk permisjon og forlot møtet etter handsaming av sak 007/26

Underskrift:

Saksliste

Sak nr	Sakstittel	Gradering
PS-001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS-002/26	Orientering, meldingar og skriv	
PS-003/26	Interpellasjon	
PS-004/26	Politisk verkstad 2	
PS-005/26	Busetting av flyktningar 2026	
PS-006/26	Nytt bibliotek i Lærdal kulturhus - kostnadsramme	
PS-007/26	Landbruksplan ÅLA 2026 – 2029 – godkjenning av revidert plan	
PS-008/26	Detaljreguleringsplan Sløøyne	
PS-009/26	Detaljregulering for riggområde på Håbakken for oppgradering av Lærdalstunnelen - vedtak av plan	
PS-010/26	Reviderte vedtekter for torgsal og utleige av areal til nærings- og handelsverksemd	
PS-011/26	KS Debattheft 2026 - Tid for taktskifte	
PS-012/26	Godkjenning av Møteprotokoll	

001/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjend

05.02.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet.

Jan Geir Solheim (SP) kunne ikkje møte grunna sjukdom. Maritha Tønjum Skjerdal (SP) vart tilkalla og kunne møte.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

KS - 001/26 Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/26 Orientering, meldingar og skriv

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

05.02.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Saker:

- Generell informasjon frå ordførar
- Generell informasjon frå kommunedirektør
- Prosjektleiar for flaumsikringsprosjektet Niklas Aarnio orienterer om status for planarbeidet.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

KS - 002/26 Vedtak

Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

003/26 Interpellasjon

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

05.02.2026 Kommunestyret

Framlegg, foreslått av Audun Mo, Det norske Arbeiderparti

Kommunestyret ber administrasjonen utarbeida ei sak om lokalt forbod mot privat oppskyting av fyrverkeri og etablering av kommunal fellesopp-skyting.

Handsaming i møtet:

Røysting:

Framlegget vart vedteke med 15 mot 2 røyster.

KS - 003/26 Vedtak

Kommunestyret ber administrasjonen utarbeida ei sak om lokalt forbod mot privat oppskyting av fyrverkeri og etablering av kommunal fellesopp-skyting.

004/26 Politisk verkstad 2

Kommunedirektøren si tilråding:

Den politiske verkstaden vert gjennomført som planlagt og brukt som retningsgjevande underlag i det vidare arbeidet med samfunnsplanen.

05.02.2026 Kommunestyret

KS - 004/26 Vedtak

Den politiske verkstaden vart gjennomført som planlagt og innspela blir brukt som retningsgjevande underlag i det vidare arbeidet med samfunnsplanen.

005/26 Busetting av flyktningar 2026

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune vedtek å busetje inntil 20 flyktningar i 2026.

28.01.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 004/26 Vedtak

Lærdal kommune vedtek å busetje inntil 20 flyktningar i 2026.

05.02.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 005/26 Vedtak

Lærdal kommune vedtek å busetje inntil 20 flyktningar i 2026.

006/26 Nytt bibliotek i Lærdal kulturhus - kostnadsramme

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Lærdal kommune set ei kostnadsramme på 6 mill. kroner ink. mva. for flytting av Lærdal folkebibliotek til Lærdal kulturhus, i tråd med justert kostnadsoverslag.
2. Kostnadsramma skal dekkja nødvendige investeringar knytt til akustiske tiltak, innreiing og møblering, belysning, skilting, bygningsmessige tilpassingar, samt prosjektering og gjennomføring.
3. Prosjektet skal sikra funksjonelle, universelt utforma og framtidsretta løysingar for biblioteksdrift og fleirbruk, inkludert bruk av høgsalen som møte- og arrangementsrom.

28.01.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 007/26 Vedtak

1. Lærdal kommune set ei kostnadsramme på 6 mill. kroner ink. mva. for flytting av Lærdal folkebibliotek til Lærdal kulturhus, i tråd med justert kostnadsoverslag.
2. Kostnadsramma skal dekkja nødvendige investeringar knytt til akustiske tiltak, innreiing og møblering, belysning, skilting, bygningsmessige tilpassingar, samt prosjektering og gjennomføring.
3. Prosjektet skal sikra funksjonelle, universelt utforma og framtidsretta løysingar for biblioteksdrift og fleirbruk, inkludert bruk av høgsalen som møte- og arrangementsrom.

05.02.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 006/26 Vedtak

1. Lærdal kommune set ei kostnadsramme på 6 mill. kroner ink. mva. for flytting av Lærdal folkebibliotek til Lærdal kulturhus, i tråd med justert kostnadsoverslag.
2. Kostnadsramma skal dekkja nødvendige investeringar knytt til akustiske tiltak, innreiing og møblering, belysning, skilting, bygningsmessige tilpassingar, samt prosjektering og gjennomføring.
3. Prosjektet skal sikra funksjonelle, universelt utforma og framtidsretta løysingar for biblioteksdrift og fleirbruk, inkludert bruk av høgsalen som møte- og arrangementsrom.

007/26 Landbruksplan ÅLA 2026 – 2029 – godkjenning av revidert plan

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune godkjenner Landbruksplan ÅLA – 2026-2029, av januar 2026.

Kapittel 8 i planutkastet, vert godkjend som handlingsplan i planperioden.

Landbruksplan ÅLA 2022-2025 vert oppheva.

Støtte til innsamling av landbruksplast må avklarast med kommunen sitt arbeide med miljø- og klima. Det vert ikkje innarbeida i landbruksplanen.

28.01.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 006/26 Vedtak

Lærdal kommune godkjenner Landbruksplan ÅLA – 2026-2029, av januar 2026.

Kapittel 8 i planutkastet, vert godkjend som handlingsplan i planperioden.

Landbruksplan ÅLA 2022-2025 vert oppheva.

Støtte til innsamling av landbruksplast må avklarast med kommunen sitt arbeide med miljø- og klima. Det vert ikkje innarbeida i landbruksplanen.

05.02.2026 Kommunestyret

Endringsframlegg frå SV, foreslått av Sæmund Stokstad, Sosialistisk Venstreparti

Siste avsnitt i framlegget frå formannskapet vert bytt ut med slik ordlyd:

Kommunestyret ber administrasjonen innarbeida i landbruksplanen at det skal setjast av inntil 50 000 kroner årleg til tiltak for avfallshandtering i landbruksnæringa. Tiltak som legg til rette for samarbeid i landbruksnæringa i kommunen skal prioriterast.

Handsaming i møtet

Njål Kaardal Golf (SP) stilte sørsmaal om han var ugild i saka.
Kommunestyret vedtok samrøystes at han ikkje er ugild i saka.

Røysting:

Framlegg frå SV: 8 røyster (SV, SP og Ap(Elin Bjørkum)
Tilråding frå formannskapet: 9 røyster (H, AP)

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 9 mot 8 røyster

KS - 007/26 Vedtak

Lærdal kommune godkjenner Landbruksplan ÅLA – 2026-2029, av januar 2026.

Kapittel 8 i planutkastet, vert godkjend som handlingsplan i planperioden.

Landbruksplan ÅLA 2022-2025 vert oppheva.

Støtte til innsamling av landbruksplast må avklarast med kommunen sitt arbeide med miljø- og klima. Det vert ikkje innarbeida i landbruksplanen.

008/26 Detaljreguleringsplan Sløøyni**Kommunedirektøren si tilråding:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vedtek kommunestyret å gje tiltakshavar løyve til å starta opp arbeid med detaljreguleringsplan for Sløøyni. Planinitiativet og referat frå oppstartsmøtet skal leggjast til grunn for det vidare planarbeidet.

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling**Røysting:**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 005/26 Vedtak

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vedtek kommunestyret å gje tiltakshavar løyve til å starta opp arbeid med detaljreguleringsplan for Sløøyni. Planinitiativet og referat frå oppstartsmøtet skal leggjast til grunn for det vidare planarbeidet.

05.02.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå utval for miljø og samfunnsutvikling vart samrøystes vedteken.

KS - 008/26 Vedtak

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vedtek kommunestyret å gje tiltakshavar løyve til å starta opp arbeid med detaljreguleringsplan for Sløøyne. Planinitiativet og referat frå oppstartsmøtet skal leggjast til grunn for det vidare planarbeidet.

009/26 Detaljregulering for riggområde på Håbakken for oppgradering av Lærdalstunnelen - vedtak av plan

Kommunedirektøren si tilråding:

Utval for miljø og samfunnsutvikling tilrår kommunestyret å gjera følgjande vedtak:
Lærdal kommune vedtek i samsvar med § 12-12 i plan- og bygningslova
Detaljreguleringsplan for riggområde på Håbakken for oppgradering av Lærdalstunnelen
PlanID 4642_2023001.

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 004/26 Vedtak

Lærdal kommune vedtek i samsvar med § 12-12 i plan- og bygningslova
Detaljreguleringsplan for riggområde på Håbakken for oppgradering av Lærdalstunnelen
PlanID 4642_2023001.

05.02.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå utval for miljø og samfunnsutvikling vart samrøystes vedteken.

KS - 009/26 Vedtak

Lærdal kommune vedtek i samsvar med § 12-12 i plan- og bygningslova
Detaljreguleringsplan for riggområde på Håbakken for oppgradering av Lærdalstunnelen
PlanID 4642_2023001.

010/26 Reviderte vedtekter for torgsal og utleige av areal til nærings- og handelsverksemd**Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Formannskapet vedtek "Vedtekter for torgsal og utleige med avgrensa tidsomfang av kommunalt areal" som dei ligg føre
2. Administrasjonen får fullmakt til å teikna kart med dei definerte rutene/plassane som nemnde i vedtektene

28.01.2026 Formannskapet**Handsaming i møtet****Røysting:**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 008/26 Vedtak

1. Formannskapet vedtek "Vedtekter for torgsal og utleige med avgrensa tidsomfang av kommunalt areal" som dei ligg føre
2. Administrasjonen får fullmakt til å teikna kart med dei definerte rutene/plassane som nemnde i vedtektene

05.02.2026 Kommunestyret**Handsaming i møtet****Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 010/26 Vedtak

1. Formannskapet vedtek "Vedtekter for torgsal og utleige med avgrensa tidsomfang av kommunalt areal" som dei ligg føre

2. Administrasjonen får fullmakt til å teikna kart med dei definerte rutene/plassane som nemnde i vedtektene

011/26 KS Debattheft 2026 - Tid for taktskifte

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Lærdal kommune gir innspel i samsvar med til hovudprioriteringane i KS sitt debattheft slik det kjem i saksutgreiinga.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å utforma eit innspel på vegne av kommunestyre. Ordføraren får fullmakt til å godkjenna innspelet.

05.02.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

KS - 011/26 Vedtak

1. Lærdal kommune gir innspel i samsvar med til hovudprioriteringane i KS sitt debattheft slik det kjem i saksutgreiinga.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å utforma eit innspel på vegne av kommunestyre. Ordføraren får fullmakt til å godkjenna innspelet.

012/26 Godkjenning av Møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokoll vert godkjend

05.02.2026 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

KS - 012/26 Vedtak

Møteprotokoll vert godkjend